

***Kjerneområde landbruk  
– temaplan til kommuneplan 2012-2016***



***Registreringar i  
Meland kommune 2011***

## **INNHALD**

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>2 Organisering og gjennomføring .....</b>	<b>3</b>
2.1 Arbeidsmåte.....	3
<b>3 Resultat.....</b>	<b>4</b>
3.1 Kva er kjerneområde landbruk? .....	4
3.2 Kjerneområde jord og kjerneområde kulturlandskap.....	5
3.3 Kjerneområde skog.....	6
<b>4 Kjerneområde landbruk: oversikt bygder m/ kart .7</b>	

# 1 Innleiing

I planprogram for rullering av kommuneplanen er kartlegging av kjerneområde landbruk sett opp som eit tiltak som skal gjennomførast.

Kjerneområde landbruk er dei areala i kommunen som er viktige for at landbruket skal kunna utføra to av sine sentrale samfunnsoppgåver – å produsere mat og kulturlandskap.

Denne definisjonen er utforma av landbruks- og mat departementet, og skal legge til rette for at kommunane i arbeidet med arealplanen tek omsynet til at landbruket som næring og som samfunnsaktør vert omfatta med naudsynt merksemd. Målsetjinga med arbeidet er fyrst og fremst å kartfesta kvar desse verdifulle areal er og få eit hjelpemiddel i framtidig arealforvaltning.

Landbruket er ei næring som er heilt avhengig av tilgang på areal. Byggefelt og offentleg verksemd, nye vegar og industri tek stadig nye areal i bruk og vilkåra for å drive landbruk vert langsamt utarma.. Ofte er det dei gode landbruksareala som ryk – desse areala ligg lagleg til, ofte sentralt og er kanskje alt opparbeidd gjennom generasjonar. I ein periode der landbruket står svakt som næring er det press på å ta desse areala til andre føremål.

Det er eit nasjonalt mål å halvera omdisponeringa av dyrkbar og dyrka jord. Eit anna nasjonalt mål for landbrukspolitikken er å sikra at matjord vert nytta på berekraftig vis. Eit tiltak for å ta vare på matjord som er mindre attraktiv for produksjon av mat , er å synleggjera og ta vare på verdfulle kulturlandskap. Desse landskapa er viktig for rekekreasjon og trivsel for folk flest, og syner samanhengen i kulturarven knytt til landbruk.

Kjerneområde landbruk har status som temaplan til kommuneplanen.

I Meland kommune vart det ved førre rullering av kommuneplanen utarbeidd eit temakart for landbruk– eit arealdifferensieringsprosjekt. Føremålet var å synleggjere korleis areala i kommunen fordelar seg på gode og mindre gode jordbruksareal, god og mindre gode område med verdfull kulturlandskap og tilsvarande for skogareala. Arealdifferensieringa har fungert som ein rettesnor for både politikarar og administrasjon i kommunen i arealforvaltninga.

Det er i ettertid kome nye retningslinjer for korleis eit slikt arbeid bør gjerast og det er komen signal frå Fylkesmannen i Hordaland at dei ynskjer at kommunen skal konvertere arealdifferensiering i A og B område til kjerneområde landbruk.

## 2 Organisering og gjennomføring

### 2.1 Arbeidsmåte

I arbeidet med å konvertere data frå arealdifferensieringsprosjektet til kjerneområde landbruk, har ein nytta følgjande arbeidsmåte:

Frå landbruksavdelinga hjå fylkesmannen fekk ein overført ein kartserie der alle større samanhengande areal eigna for grasproduksjon var sirkla inn. I alt 16 slike

område var lokalisert. Desse områda har ein då gått nærare inn i ved hjelp av data frå arealdifferensieringsprosjektet og saman med lokalkunnskap og nye synfaringar har ein freista beskrive kvalitetane i området med omsyn til matproduksjon og kulturlandskap.

På tilsvarande vis har ein plukka ut område med verdfullt kulturlandskap og område for skogproduksjon. Dei kriteria som er nytta for drøfting av dei einskilde områda føl nedanfor. Resultata av drøftingane finn ein i form av 2 kart over kjerneområde landbruk for Meland kommune, eit kart for matproduksjon og kulturlandskap og eit kart for skogbruk.

Nokre område i kommunen som framleis ligg i LNF-område er ikkje "funne verdig" til ein plass i kjerneområde landbruk. Dette tyder likevel ikkje at desse områda utan vidare er frigjeven til andre føremål. Det tyder berre at i desse områda vil utnytting av areal til andre føremål enn landbruk, ikkje få større skade for kommunen sin framtidige evne til å produsere mat og trevirke, og det vil i liten grad få konsekvensar for vår felles kulturarv. Fleire av desse områda er interessante i høve til utvikling av småskala landbruk og næringsutvikling. Så langt det er råd vil Meland kommune, i framtida freiste å lokalisere andre aktivitetar enn landbruk til slike areal.

## **3 Resultat**

### **3.1 Kva er kjerneområde landbruk?**

I rettleiinga frå departementet går det fram at kommunen i arbeidet med å finne fram til kjerneområda skal fokusere på areal som i ein lokal samanheng er godt eigna for produksjon av mat og kulturlandskap, sjølv om desse ikkje alltid er blant dei mest verdfulle sett i ein nasjonal samanheng.

Hjå oss på Vestlandet er produksjon av mat stort sett knytt til husdyrproduksjonane. Det gjeld dei areala som er best eigna til å produsere gras. Dette gjeld både areal som kan haustast maskinelt og beiteareal.

Kulturlandskapet hjå oss er prega av det småkuperte landskapet med vakre steingjerda og fine bygningar både i inn- og utmark der stein er nytta som byggematerial. Men det gjeld og tun der husa har preg av eldre tider, eller opne "moderne" landskap med eit heilskapleg preg. Dei mest verdfulle landskapa våre i nasjonal samanheng er knytt til lyngheiane, til kystfuruskogane og til edellauvskogane. Dette er landskap som berre finst på kysten, og som me difor har eit særskilt ansvar for. Kystkulturen sitt landskap fell inn under omgrepet viktige kulturlandskap som vi bør take vare på.

Sentrale styresmakter har i sin vurdering av temaet Kjerneområde landbruk, ikkje teke med skog. For vestlandet må likevel det å take omsyn til dei viktigaste skogområda i ein kommune vere like viktig som område for produksjon av gras. Skog er viktig både i ein klimasamanheng og som produsent av fiber og energi, og Meland kommune har difor sett av større drivverdige skogområde og særleg verdfulle skoglandskap som del av Kjerneområde landbruk.

### 3.2 Kjerneområde jord og kjerneområde kulturlandskap

I denne vurderinga tel verdi for matproduksjon og verdi for kulturlandskap like sterkt.

#### Kriteriar for vurdering av kjerneområde for jord:

- gode areal for produksjon av gras, dette gjeld fulldyrka, overflatedyrka og gjødsla beite, alle arealtypar kan falle inn under kriteriet godt eigna for grasproduksjon
- samanhengande område
- areal som ikkje er oppstykkka av tiltak som ikkje høyrer heime i landbruksproduksjonen, ingen/minimalt med landbruksframand aktivitet (bustad, hytter, industri, anna) i området
- areal der moderne landbruk er mogeleg/høver godt
- område prega av eigedommar i god drift, med eit levande og aktivt landbruk



1 Bilete frå Sagstad - døme på område som er viktig for matproduksjon

#### Kriteriar for kulturlandskap

- landskap prega av aktivitet knytt til landbruk
- både historiske driftsformar og meir moderne landbruk kan skape verneverdige landskap
- samanhengande og tydelege landskapsrom
- kulturmiljø (bygningssmasse, vegar, bakkemurar) er synleg og i god stand og av ei viss utstrekning
- einskildkulturminne i særskilt god stand, eller av ein særskilt verdfull type
- gråstein som byggematerial
- historisk interessante driftsformer (lynghei/utegangar)

- verdfullt biologisk mangfald
- kulturlandskap med særskilt potensial som grunnlag for næringsutvikling, friluftsliv, rekreasjon, undervisning, mat og opplevingar



2 Tørrmurt uteløe på Hjertås









3 Vakker beiteskog på Hjertås

### 3.3 *Kjerneområde skog*



- Større samanhengande skogsområde med økonomisk driveverdig skog. Dette er område som det kan drivast eit rasjonelt og lønnsat skogbruk, der det alt eksisterar skogsvegar eller ein vurderer at det er lønnsamt å drive skogbruk ved å eventuelt byggje skogsvegar. (oversikt over skogbruket i Meland 2009-2010)



## 4 Kjerneområde landbruk: oversikt bygder m/ kart

Område	Matproduksjon	Kulturlandskap	Skog
<b>1. Skjeljanger</b>			
Ligg vest i kommunen, 13 bruk, av desse 11 i bruk av eigar eller som leigejord, 276da jordbruksareal, 2 aktive bønder	Kupert, oppdyrka mellom knausar og koller, mange små teigar, driftsform i hovudsak sau, få frådelingar, ikkje anna aktivitet enn landbruk. Inngjerda større beiteområde i utmark ca 1000 daa	Ope landskap, intakt tunstruktur, restaurerte driftsbygningar, kystlynghei, sjelden strandenger, intakt naustmiljø, fint turterreng som er tilrettelagd for ålmenta Starta lyngbrenning	Ein del sitka, furu og buskfuru, lite større samanhengande bestand.
Vurdering:	Dei beste areala er viktige for matproduksjon	Strandeng og kystlynghei er nasjonalt viktige landskapstypar	Mindre viktig som skog
Konklusjon:		Kjerneområde kulturlandskap	
 <p>Kjerneområde jord/kulturlandskap</p>		 <p>Skog –ikkje kjerneområde</p>	
<b>2. Husebø</b>			
Nordvest i kommunen, 13 bruk, 13 i bruk av eigar eller som leigejord, 482da jordbruksareal, to mjølkebruk. 3 aktive bønder.	God samanhengande slåttemark og beite, litt vassjuk jord, noko lyssiv, bra lett drivne teigar med god arrondering.	Flott kulturlandskap med intakt tunstruktur, særleg fint naustmiljø, få inngrep i landskapet, steinhus/torvhus og gamle ferdseslårar er tekne vare på.	Bra planteskog av gran og furu nord i bygda. Kostbar vegbygging for å avvirke bestand.
Vurdering:	Godt jordbruksareal	Verdfullt	Mindre viktig som

		kulturlandskap	skog
Konklusjon:	Kjerneområde matproduksjon	Kjerneområde kulturlandskap	
			
	Kjerneområde jord-og kulturlandskap	Delar er kjerneområde skog	
<b>3. Sætre og Bratshaug</b>			
Nordvest i kommunen, samla i alt 13 bruk, 12 i drift av eigar eller som leigejord, eldre driftsbygningar. 2 aktive bønder	Gode samanhengande areal ned mot Sætrevika, og langs fylkesvegen på Bratshaug. Noko kupert og oppstykkja jordbruksareal. Lite frådelingar i landbruksområde.	Fint kulturlandskap pågåande beiteryddingsprosjekt på Bratshaug. Rydding opnar landskapet får fram fine element. Inngjerd av større utmarksområde er under arbeid. Fint turterreng i Sætremarka. 2 hyttefelt.	På Bratshaug mykje planta skog i større samanhengande område. Gode skogsvegar. På Sætre lite skog. Verdfull skog på Bratshaug
Vurdering:	Delvis godt område for matproduksjon	Verdfullt kulturlandskap	Bratshaug kjerneområde skog
Konklusjon:	Kjerneområde matproduksjon	Kjerneområde kulturlandskap	Brotshaug – Kjerneområde skog
			



<b>4. Kårbø og Landsvik</b>			
<p>Ligg nord i kommunen. I alt 24 bruk. 14 bruk i drift av eigar eller som bortleigd. Om lag 400da jordbruksareal. 6 aktive bønder. Satsing på småskala næringsutvikling livOglyst på Kårbø. Ein travstall, eit hestesenter, 1 fruktgard, 1 inn på tunet/servering/mat</p>	<p>Gode områder for produksjon av gras, men mykje små teigar oppdelt av kupert og grunnlendt areal. På ein del areal er drifta teke opp etter å ha lege brakk.</p>	<p>Kårbø: mange gamle hus med fin byggeskikk og tunstruktur, verdfull naustmiljø, beitehageskog. Landsvik: fin beitehagemark med edellauvskog, lyngmark under gjengroing, fine elementer av steinhus, steingardar, naustmiljø. Pågåande arbeid med rydding og gjerding. Større utmarksbeite er inngjerdt</p>	<p>Planta gran og furu i større samanhengande område. Bygd noko skogsvegar.</p>
<p>Vurdering:</p>	<p>Arealet langs vegen mot dampskipskaien er godt jordbruksareal</p>	<p>Både Kårbø og Landsvik har verdfullt kulturlandskap</p>	<p>Verdfull skog</p>
<p>Konklusjon:</p>	<p>Kjerneområde matproduksjon for delar av arealet.</p>	<p>Kjerneområde kulturlandskap</p>	<p>Kjerneområde skog</p>
			
<b>5. Ådland, Rifsgård (skrives Refskar?)</b>			
<p>9 bruk, alle i drift enten i eige regi eller bortleigd. 330da jordbruksareal. 2 aktive bønder</p>	<p>Mange små og dårleg arronderte jordbruksareal, men nokre fine samanhengande beite og teigar. Ein del beitemark i</p>	<p>Fint beitelandskap, særeige landskapsrom med fjord og fjell, hagemark med gamle bakkemurar, gammal bygningsmasse i god stand, fine område for</p>	<p>Noko fine plantingar av gran nord på Ådland, høg bonitet. Manglar veg. Ein del fine plantingar på Rifsgård, bygd 1 skogsveg</p>

	attgroing Mange hytter.	friluftsliv.	
Vurdering:	Ikkje gode høve for jordbruk	Særs fint kulturlandskap	
Konklusjon:		Kjerneområde kulturlandskap	
			
<b>6. Skurtveit og Rossland</b>			
Samla sett er det 20 bruk i desse bygdene, og 13 er i drift. 250da jordbruksareal. 2 aktive bønder.	Rosslund, dårlege tilhøve for jordbruk, små og oppstykkka areal, mykje jordbruksframand infiltrasjon. Skurtveit bra område for grasproduksjon, mykje arbeid er lagt ned i jordforbetring, sure bergartar gjev ikkje dei beste jordartane. Gode beiter	Rosslund, redusert verdi av kulturlandskapet pga areala er meir prega av busetnad enn jordbruk. Noko beitehage, einskilde gamle løer, og framleis mange fine kulturlandskapselement. Skurtveit, fint landskap mellom bergnabbane, prega av velstelte bøar og einskilde eldre bygningselement.	Bergarten er anortossitt og det er difor veksetilhøve for skog.
Vurdering:	Sentralt i bygda mot Eldsfjellet er det gode område for matproduksjon Rossland, ikkje gode høve for jordbruk	Verdfullt kulturlandskap på Skurtveit og delar av Rossland som ikkje er for mykje prega av anna aktivitet	
Konklusjon:		Skurtveit kjerneområde kulturlandskap, delar av Rossland	Ikkje kjerneområde skog




**7. Io og Ypsøy**

<p>Io har 16 bruk og, Ypsøy 4. 13 er i drift, dei fleste ved at jorda vert leigt bort. 240 da jordbruksareal. Ypsøy er veglaus kystgard, og driv Inn på tunet, servering og reiseliv 3 aktive bønder</p>	<p>Io, godt jordbruksareal, vel eigna til grønsaker, marine avsetningar, skjerma mot vind. Mykje ute av drift, ein del gode grasområde. Ypsøy, ikkje så gode jordbruksareal.</p>	<p>Io, ein del eldre element av gamle bygningar. Mykje restar av tidlegare veksthusdrift, ein god del frådelingar til andre føremål, godt turområde. Ypsøy-strandeng, urterike slåtteeenger, frukthage, lynghei, mange kulturminne knytt til kystjordbruket</p>	<p>Mykje planteskog av sitka og gran</p>	
<p>Vurdering:</p>	<p>Gode føresetnadar for jordbruk, men anna aktivitet har etter kvart redusert areala mykje på Io.</p>	<p>Ypsøy er viktig for å ta vare på kystlyngheia. Io meir blanda kulturlandskap prega av bygningsrestar og anna aktivitet</p>	<p>Drivverdige skog dersom det vert bygd fleire vegar</p>	
<p>Konklusjon:</p>	<p>Del av Io er kjerneområde jordbruk</p>	<p>Ypsøy kjerneområde kulturlandskap</p>	<p>Kjerneområde skog?</p>	
<td colspan="4" style="height: 20px;"></td>				





**8. Ryland (Skintveit og Åsebø)**

<p>I alt 16 bruk, dei fleste i drift anten i eige regi eller bortleigd. Om lag 370da jordbruksareal. Delvis er disse gardane del av nedslagsfeltet til Rylandsvassdraget</p>	<p>Ryland ein del fine samanhengande areal som er viktig for matproduksjon. Åsebø og Skintveit har mange små og kuperte teigar. Tidlegare stor veksthusproduksjon på Ryland og Åsebø. Fine beiteområde på Skintveit</p>	<p>Særleg Åsebø har flott kulturlandskap, samanhengande fint landskapsrom, fine detaljar, god stelt. Men og Skintveit har fint kulturlandskap særleg beitemarka. Ryland er under endring til bustadområde, likevel eit fint trekk i landskapet ned mot Rylandsvassdraget.</p>	<p>Mykje gran og furu på høg bonitet og større samanhengande skogsområde. Det er bygd ein del skogsveggar i området.</p>
<p>Vurdering:</p>	<p>Bra areal på Ryland Ikkje så gode jordbruksareal på Åsebø og Skintveit</p>	<p>Viktige kulturlandskap både med omsyn til vassdraget, men og som opne landskap i eit elles skogprega område</p>	<p>God skog</p>
<p>Konklusjon:</p>	<p>Ryland kjerneområde matproduksjon</p>	<p>Åsebø og Skintveit kjerne område kulturlandskap</p>	<p>Kjerneområde skog på Ryland, Åsebø og Skintveit</p>



**9. Myrtveit, Håtuft, Gripsgård, Sjurda**

<p>I alt 13 bruk. Om lag 500da jordbruksareal. Berre 7 bruk i drift dei fleste som bortleige av jord. Attgroing og manglande drift er utfordring for desse bygdene. 2 aktive mjølkebønder.</p>	<p>Til dels små og tungdrevne jordbruksareal, småkupert, dårleg arrondert. Sjurda og Myrtveit har noko samanhengande jordbruksareal. Gode beiteområder.</p>	<p>Viktig kulturlandskap, heng saman som eit større område med Myrtveitvatnet i midten. Fine detaljar i landskapet, intakte strukturar, restaurerte bygningar, gamle handverk, Gamle ferdsselsvegar, flotte turområde.</p>	<p>Store samanhengande furuskogar på Myrtveit og Gripsgård. Ein del granplantingar på Håtuft.</p>	
<p>Vurdering:</p>	<p>Håtuft og Gripsgård er ikkje det beste området for tradisjonelt jordbruk.</p>	<p>Ekstra fint kulturlandskap, mangfaldig blanding av gammalt og nytt.</p>	<p>Gode skogsområde, med unntak av Sjurda</p>	
<p>Konklusjon:</p>	<p>Myrtveit og Sjurda er kjerneområde matproduksjon</p>	<p>Kjerneområde kulturlandskap</p>	<p>Kjerneområde skog på Håtuft, Myrtveit og Gripsgård</p>	
<td colspan="4"></td>				



**10. Brakstad, Vollo, Erstad, Tveit, Høpland, Meland, Røyset, Bjørnestad, Dale, Sagstad, Fosse, Langeland, Mjåtveit**

Dette området omfattar mange gardar med totalt 115 bruk. 87 av dei er i drift, mesteparten som leigejord. 25 aktive bønder som driv godt og ein del fornying av bygningar og driftsapparat. Satsing på jordforbetring

Området er stort og samanhengande, strekker seg gjennom midten av heile kommunen frå vest mot aust og sør. Gode arealtypar, samanhengande teigar, til dels god arrondering og godt jordsmonn. Enkelte stader mykje vassjuk jord

Inni mellom dei fruktbare og godt stelte areala, ligg fine og karakteristiske landskap, bygningsmasse i god stand, sett preg på heile kommunen. Mykje fine tørrmurar i steingardar, steinhus, bakkemurar m.m. Gravhaugar og navarsmier

Mykje plantingar av gran på høgbonitet. Større samanhengande skogareal. 1 juletefarm på Dale

Vurdering:

Kjerneområde landbruk. Viktigaste område for landbruk i kommunen

For heilskapen si skuld tek ein med dei delane av området som fell inn under kulturlandskapet


Gode tilhøve for skog med unntak av Høpland, Mjåtveit og delar av Røyset

Konklusjon:


Kjerneområde matproduksjon

Kjerneområde kulturlandskap

Kjerneområde skog








<b>11. Sandgotmarka</b>			
Omfattar Øvre Fosse, areala ned mot Fossesjøen,			
Vurdering:			
Konklusjon:			Kjerneområde skog?
<b>12. Flatøy/Håøy</b>			
13 bruk, 7 i drift av eigar eller som leigesjord. 256da jordbruksareal, Det meste er overflatedyrka og beite, men det går føre seg jordforbetring på vestsida av E 39 som på sikt vil skape eit større samanhengande fulldyrka areal. Mykje oppstykking av vegar og bustadar. 2 aktive brukarar	Det fulldyrka arealet har bra kvalitet, godt jordsmonn, relativt store teigar og god arrondering. Området likevel prega av anna aktivitet enn landbruk.	Ein del bra beitelandskap. Inkludert Håøy, er området og prega av historiske driftsformer, lynghei i gjengroing	Ikkje skog av større verdi. 1 juletefarm
Vurdering:	Flatøy er pressa av annan aktivitet, men areal midt på øya på begge sider av vegen er godt areal til matproduksjon	Der kulturlandskap ikkje er infiltrert av landbruksframand aktivitet er det i god stand. Viktig inngangsport til Nordhordland	Ikkje skog
Konklusjon:	Kjerneområde matproduksjon	Kjerneområde kulturlandskap aust for vegen.	



<b>13. Andre områder ikkje markert av FMLA</b>			
<b>Leirvik/Beitingen</b> 3 bruk, 63 da jordbruksareal	Godt jordsmonn, dårlig arrondering, små og oppstykkte teigar, to regulerte bustadfelt	Golfbane er det dominerande landskapselementet	Ein del planta sitkagran på golfbana
Vurdering:	Areala er si stor grad teke i bruk til andre føremål enn jordbruk	Fint kulturlandskapet, men ikkje landbruksdrift	Ikkje tilrettelagt for skogsdrift
Konklusjon:	Området er ikkje kjerneområde landbruk, fristilt til andre føremål	Ikkje kjerneområde	Ikkje kjerneområde
<b>Fløksand.</b> 6 bruk, 178 da jordbruksareal, 6 bruk i drift. 1 aktiv mjølkeprodusent	Lengst vest godt arronderte jordbruksareal, godt jordsmonn, elles mindre teigar, oppstykkte og	Ope og fint landskapsrom ved Leirvika, havstrand, mykje nytta friluftsområde. Fleire fine tun med fine	Nord for fylkesvegen ein del samanhengande skogsområde av gran og furu. Store samanhengande








	tungdrevne, noko press frå bustadbygging	bygningsdetaljar. Godt skjøtta beiteområde	skogområde med furu og sitka i Oneset. Det er bygd skogsvegar inn i område
Vurdering:	Godt jordbruksområde sørvest for fylkesvegen. Resten av areala er under press frå anna aktiviteter	Fint og viktig kulturlandskap, med havstrand, viktig opplevingsområde for allmenta. Velstelt gamle bygningar	Godt område for skogsdrift
Konklusjon:	Jordbruksareal i sørvest er kjerneområde matproduksjon	Kjerneområde kulturlandskap	Kjerneområde skog
			
<b>Hjertås.</b> 7 bruk, 4 bruk i drift. 1 aktiv bonde 184da jordbruksareal	Fine jordbruksareal langs vegen elles mange små og kuperte teigar, oppstykkja av bustadbygging. Gode beiteområde	Bygningar og kulturminne er teken vare på, mange tørrmurte element, fint skjøtta historisk landskap, føl gamlevegen og sett preg på området som oppleving,	På nordsida av fylkesvegen er det samanhengande granplanting i god vekst, manglar veg
Vurdering:	Gode tilhøve for matproduksjon i delar av området	Fint kulturlandskap, men under press. Representerer eit landskap som sett middelalderstova på Holme inn i autentiske omgjevnadar. Heilskapleg kulturmiljø	
Konklusjon:	Kjerneområde mat langs fylkesvegen	Kjerneområde kulturlandskap	Kjerneområde skog



			
<p><b>Holme.</b> 5 bruk, 2 er leigd bort, ingen i drift i eige regi</p>	<p>Små jordressursar. Hovuddelen av arealet er regulert til andre føremål enn jordbruk</p>	<p>Mykje kulturminne, elva som sentralt landskapselement, gamal handelsstad, ishus, regulert til kulturminnevern</p>	<p>Ein del granplantingar i utmarka som ligg i eit samanhengande skogsområde</p>
<p>Vurdering:</p>		<p>Området er regulert, bør takast vare på og sjåast i samanheng med området på Hjertås</p>	
<p>Konklusjon:</p>	<p>Ikkje kjerneområde landbruk</p>	<p>Ikkje kjerneområde pga regulert</p>	<p>Delar er kjerneområde skogbruk</p>
			
<p><b>Frekhaug</b> Dette er sentrumsområde, uaktuelt som kjerneområde landbruk</p>			

<p><b>Litlebergen/ Moldekleiv</b> 18 bruk, 223 da jordbruksareal. 4 bruk i drift. 2 aktiv bønder</p>	<p>Små jordbruksareal med dårleg - arrondering,, låg verdi for matproduksjon, under press frå anna aktivitet. Mykje areal prega av attgroing</p>	<p>Gammal handelsstad, ein del kulturminne knytt til dette. Skjøtselstiltak sett i gang og vil få fram mange fine kulturlandskapselement</p>	<p>Litlebergen på vestsida av fylkesvegen er det store samanhengande område med granplantingar på høg bonitet, og det er bygd ein del gode vegar. Moldekleiv, ein del granplantingar og lauvskog i dels bratt terreng. Høg bonitet, manglar veg.</p>
<p>Konklusjon:</p>	<p>Liten verdi for matproduksjon, press frå anna aktivitet</p>	<p>Attgroing, tidlegare eit smålåtent og idyllisk landskap. Bruket som no har starta opp drift har potensialet til eit fint kulturmiljø</p>	
<p>Konklusjon:</p>	<p>Ikkje kjerneområde landbruk</p>	<p>Ikkje kjerneområde kulturlandskap</p>	<p>Kjerneområde skog på Litlebergen og del av Moldekleiv</p>

<p><b>Grasdalen, Hestnes, Hestdal</b> 11 bruk, 6 bruk i drift hovudsakleg som leigejord. 300da jordbruksareal. Ein aktiv bonde og to hestesenter</p>	<p>Området har mindre gode tilhøve for jordbruksproduksjon, små og tungdrevne teigar. Hestdal er noko betre enn resten</p>	<p>Fine landskapsrom, Grasdalsvatnet som ei kjerne, og grense til Hestnesvatnet som eit ekstra pluss, ein god del gamle kulturminne – steingardar, steinlør, potetkjellarar, fint turområde</p>	<p>Til dels fine samanhengande skogsområder med høg bonitet. Bygd ein del vegar i område.</p>
<p>Vurdering:</p>	<p>Smålåtent jordbruk eigna til mangesysleri og småskalanæringsutvikling</p>	<p>Eit kulturlandskap eigna for oppleving</p>	
<p>Konklusjon:</p>	<p>Ikkje kjerneområde matproduksjon</p>	<p>Grasdalen kjerneområde kulturlandskap</p>	<p>Kjerneområde skog</p>

			
<p><b>Gaustad, Espetveit</b> 9 bruk, 6 i drift dei fleste som leigejord 270da jordbruksareal. 3 aktive bønder. Gamalt senter for sauedrift</p>	<p>Ein del større samanhengande jordbruksområde, men rundt desse er areala kupert og delvis dårleg arrondert. Ikkje dei beste tilhøve for jordbruk, men fine og samanhengande beiteområde</p>	<p>Intakt landskap, fine bygningar, steinmurar i løer og andre bygg, fint område for friluftsliv</p>	<p>Espetveit. Ein del furuskog på lavbonitet. Vest for fylkesvegen på Gaustad er det ein del fine granplantingar. Det er bygd ein veg</p>
<p>Vurdering:</p>	<p>Delar av arealet er godt eigna til matproduksjon.</p>	<p>Kan sjåast i samanheng med Ådland/Rifsgård og Hestnes/Grasdal som eit samanhengande kulturlandskap eigna for småskala næringsutvikling knytt til landbruk</p>	
<p>Konklusjon:</p>	<p>Deler er kjerneområde matproduksjon</p>	<p>Kjerneområde kulturlandskap</p>	<p>Delvis kjerneområde?</p>

			
<p><b>Skarpeneset</b> 3 bruk, 2 i drift. Ein aktiv bonde</p>	<p>Eit større samanhengande areal med slåttemark og beite midt i bygda. Resten av arealet er infiltrert med hytte og hus</p>	<p>Det er fint og samanhengande kulturlandskap på arealet som er i drift, og gode beiter</p>	<p>Ein del furuskog på låg bonitet.</p>
	<p>Del av bygda kjerneområde matproduksjon</p>		<p>Ikkje kjerneområde skog</p>
			
<p><b>Eikeland</b> 9 bruk, 3 i drift, 113da jordbruksareal. Ein aktiv bonde. Mange mindrebruk eigna for småskala næringsutvikling</p>	<p>Jordbruksarealet er kupert og dårleg arrondert, små teigar.</p>	<p>Småskala landskap med noko fine kulturlandskapselement. Bra beiter som er inngjerda og rydda.</p>	<p>Ingen større samanhengande skogområde, mykje myrlendt i utmarka</p>
<p>Konklusjon:</p>	<p>Ikkje kjerneområde matproduksjon</p>	<p>Kjerneområde kulturlandskap i dekar</p>	<p>Ikkje kjerneområde skog</p>

		av bygda	
			
<b>Vikebø</b> 7 bruk, 3 i drift heilt eller delvis, 125da jordbruks Mange mindre bruk eigna for småskala næringsutvikling areal.	Eit større samanhengande jordbruksareal nordvest for Skintveitvegen. Elles dårleg arrondering, oppstykkta areal, prega av frådelingar	Ein del fine element, særprega naustmijø. Fin beitehagemark sørom Åsebøvegen. Mykje infiltrasjon i landskapet elles reduserer verdien	Store samanhengande lauv og furuskogar. Det er bygd ein veg. Lunden er viktig friluftsområde
Konklusjon:	Del kjerneområde matproduksjon	Del kjerneområde kulturlandskap	Kjerneområde skog
